



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 04.09.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Nest leder	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leder	AP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Jørgen Amdam	MDG
Sindre Rotevatn	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef OS 120/17 og PS 131/18
Heidi Istad	Planleggar OS 121/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar OS 121/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 129/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 130/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 120/18	Orientering Bergen Capital og Sparebank1 – finansreglement
PS 131/18	Finansreglement Volda kommune
OS 121/18	Arbeidsutkast til kommuneplanen sin arealdel
PS 133/18	Utgreiing av forslag til nattbemanning ved Myravegen 35
PS 134/18	Tilleggsfinansiering Fast dekke kommunale grusareal prosjekt 701601
PS 132/18	Orienteringssaker
OS 122/18	Referat ordførar-/rådmannssamling Ørsta 17.08.18
OS 123/18	Krav om beredskapsferje Folkestad Volda i den tida Rotsethorntunnelen er stengd
OS 124/18	Asko Holding as og V4-Mat as - Klage over reguleringsvedtak - sak PS2016/11 i Volda kommunestyre. Reguleringsplan Volda -Furene.
OS 125/18	Drosjeløyvene i Volda og Ørsta kommuner - Søknad om reserveløyve fra Ørsta Taxi - Universielt utforma bil med 8 sitteplassar



VOLDA KOMMUNE

PS 129/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ettersende dokument 02.09.2018

Vedlegg til PS 131/18:

- Søre Sunnmøre kommunerevisjon – Attestasjonsuttale – Reglement for kommunen si finans- og gjeldforvaltning
- Uttale frå revisor
- Revidert reglement for finans- og gjeldsforvaltning i Volda kommune

Vedlegg til OS 121/18:

- Område nr. KU BAB17 – Morkaåsen, Morkabygda
- Vurdering av innspel til arealdelen
- Kart

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om tildeling av næringstomter på øvre Rotset næringsområde. Rådmannen informerte om at ein aktør har søkt om tomt, og at det vert lagt fram politisk sak når saka er handsama i administrasjonen.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Margrete Bjerkvik, vart samrøystes godkjent.

PS 130/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 21.08.2018, vart samrøystes godkjent.

OS 120/18 Orientering Bergen Capital og Sparebank1 - finansreglement

Handsaming:

Bergen Capital Management, Sparebank1 og Odin forvaltning orienterte om kommunen si gjelds- og finansforvaltning.



PS 131/18 Finansreglement Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

Nytt finansreglement for Volda kommune vert vedteke slik det ligg som vedlegg til saka.

Handsaming:

Ettersendte vedlegg 03.09.18:

- Søre Sunnmøre kommunerevisjon – Attestasjonsuttale – Reglement for kommunen si finans- og gjeldforvaltning
- Uttale frå revisor
- Revidert reglement for finans- og gjeldsforvaltning i Volda kommune

Økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Formannskapet kom med innspel til administrasjonen.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 04.09.2018:

Saka vert utsett.

OS 121/18 Arbeidsutkast til kommuneplanen sin arealdel

Handsaming:

Ettersendte dokument 02.09.2018:

- Område nr. KU BAB17 – Morkaåsen, Morkabygda
- Vurdering av innspel til arealdelen
- Kart

Planleggar Heidi Istad og Regine Solberg Aklestad orienterte om arbeidet kring kommuneplanen sin arealdel. Formannskapet kom med innspel til vidare arbeid.



VOLDA KOMMUNE

Øyvind Festø fekk permisjon kl. 15.30. Det var 8 røysteføre i framhald av møtet.

PS 133/18 Utgreiing av forslag til nattbemanning ved Myravegen 35

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek Tenesteutvalet for helse og omsorg til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebruarane ved Myravegen 35.*
- 2. Kommunestyret vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*
- 3. Kommunestyret finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.*

Handsaming:

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 04.09.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek Tenesteutvalet for helse og omsorg til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebruarane ved Myravegen 35.*
- 2. Kommunestyret vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*
- 3. Kommunestyret finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.*



VOLDA KOMMUNE

PS 134/18 Tilleggsfinansiering Fast dekke kommunale grusareal prosjekt 701601

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret godkjenner ei tilleggsfinansiering på kr 937 500 inkl mva for å kunne ferdigstille legging av fast dekk på prioriterte areal i samsvar med saksutgreiinga.*
2. *Kostnaden vert finansier slik*

<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 187 500</i>
<i>Bruk av ubrukt lån/overføring frå Øyra skule</i>	<i>kr 750 000</i>
<i>Sum</i>	<i>kr 937 500</i>

3. *Vedtaket vert gjort i medhald av kommunelova § 13.*

Handsaming:

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 04.09.2018:

1. *Kommunestyret godkjenner ei tilleggsfinansiering på kr 937 500 inkl mva for å kunne ferdigstille legging av fast dekk på prioriterte areal i samsvar med saksutgreiinga.*
2. *Kostnaden vert finansier slik*

<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 187 500</i>
<i>Bruk av ubrukt lån/overføring frå Øyra skule</i>	<i>kr 750 000</i>
<i>Sum</i>	<i>kr 937 500</i>

3. *Vedtaket vert gjort i medhald av kommunelova § 13.*

PS 132/18 Orienteringssaker

OS 122/18 Referat ordførar-/rådmannssamling Ørsta 17.08.18

OS 123/18 Krav om beredskapsferje Folkestad Volda i den tida Rotsethorntunnelen er stengd



VOLDA KOMMUNE

OS 124/18 Asko Holding as og V4-Mat as - Klage over reguleringsvedtak - sak PS2016/11 i Volda kommunestyre. Reguleringsplan Volda -Furene.

OS 125/18 Drosjeløyvene i Volda og Ørsta kommuner - Søknad om reserveløyve fra Ørsta Taxi - Universielt utforma bil med 8 sitteplassar

Møtet slutt kl. 17.45

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
05.09.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent